

Søknad om tilgang til bustøttesystemet/NKS

Dette skjemaet skal du berre bruke dersom du jobbar som rettleiar i NAVs kontaktsenter. Du må lese igjennom føresegna om teieplikt på neste side før du skriv under.

Send søknaden til post@husbanken.no.

Opplysningar om søkjar	
Namn:	
E-post:	
NAV-ident (1 bokstav og 6 siffer):	
Underskrifter	
Arbeidsstad: NAVs kontaktsenter (NKS)	
Ved å underskrive stadfestar du at du har lese føresegna om teieplikt, og du lover å overhalde teieplikta og berre bruke opplysningane i arbeidet med bustøtte.	
Stad/dato	Underskrift søkjar
Stad/dato	Underskrift leiar

Teieplikt og føresegn om vern av personopplysningar

Alle opplysningar i ein bustøttesak er underlagt teieplikta. Dette gjeld både opplysningar om at ein husstand får bustøtte og konkrete opplysningar i saka.

Teieplikta inneber òg plikt til å skjerme opplysningar for uvedkomande. Ver dirfor nøye med kven som har tilgang til sakspapira og kven som kan sjå informasjon på dataskjermene i kontormiljøet ditt.

Du har berre lov til å nytte bustøttesystemet i arbeidet ditt med bustøtte. Alle oppslag i systemet skal vere knytt til en reell sak du arbeider med. Andre typar oppslag – eller ”datasnoking” – er forbode. Husbanken har plikt til å logge alle oppslag som blir gjort i systemet.

Føresegn om teieplikt og vern av personopplysningar følgjer blant anna av forvaltningslova, folkeregisterlova og personopplysningslova. Brot på føresegna kan straffast.

Unntak fra teieplikta

Det er lov å utlevere opplysningar om bustøtte og husstanden som tek imot bustøtte når

- personen opplysningane gjeld samtykkjer. Samtykkje bør vere skriftleg og den som gir samtykkje må forstå kva han/hun samtykkjer til.
- NAV, Skattekontor eller sosialkontor i samband med saksbehandling har behov for opplysningar om kven som får bustøtte og eventuelt størrelse på beløp.
- kommunen har behov for opplysningar i samband med kommunale bustøtteordningar.

Føresegn om unntak frå teieplikta følgjer av forvaltningslova og forskrift om bustøtte § 12.

Behandling av personopplysningar

Husbanken behandlar og lagrar personopplysningar når du får tilgang til bustøttesystemet. Kontaktopplysningar, arbeidsgivar, nærmaste leiar og IP-adresse vil bli lagra i systemet for tilgangsstyring. Du har rett til å krevje innsyn i opplysningane Husbanken har om deg, og krevje at feil opplysningar blir retta og at opplysningar som ikkje lenger er relevante blir sletta. Husbanken har arkivplikt, og det kan medføre at retten til å få retta eller sletta opplysningar ikkje gjeldar fullt ut jf. arkivlova og personvernlova.

Ønsker du innsyn, retting, sletting eller har spørsmål, kan du kontakte Husbanken sitt personvernombod.